Nissedal kommune

Møteprotokoll

Utval: **Kommunestyret**
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato: 07.09.2017
Tidspunkt: 18:00 - 19:10

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Halvor Homme	Ordførar	AP
Geir Christian Enger	Varaordførar	KRF
Bjarne Reime	Medlem	KRF
Magne Haugsjå	Medlem	KRF
Anne-Nora Oma Dahle	Medlem	SP
Ian Parry-Jones	Medlem.	SP
Inge Magnus Evja	Medlem	SP
Marianne Bråten Odden	Medlem.	SP
Knut Oddvar Nes	Medlem	SP
Jørgen Olav Nes	Medlem	FRP
Runa Vee Tveit	Medlem.	AP
Paul Willy Setane	Medlem	AP
Kai Halvor Juva	Medlem	AP
Andrea Fjalestad	Medlem	AP
Hølje Haugsjå	Medlem	AP
Tore Solli	Medlem	AP
Kristine Sandall	Medlem.	H

Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Navn	Funksjon	Representerer

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Sverre Sæter	Rådmann
Jarle Bruun Olsen	Kommunalsjef økonomi
Gro Midtsund	Einingsleiar barnehage

Frå saksnr.: 51/17
Til saksnr.: 55/17

Halvor Homme
ordførar

Saker til behandling

PS 51/17 Nedre aldersgrense for opptak av barn til barnehagane i Nissedal kommune

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommune vidarefører pkt. 5 i vedtektene som seier at barnet skal ha fylt eitt år før det tek til i barnehagen.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 07.09.2017

H v/Kristine Sandal kom med framlegg slik:
"Rådmannen kommer tilbake med ny sak om å tilpasse nedre aldersgrense for opptak av barn til barnehagene i Nissedal kommune i løpet av 2. halvår 2017. I saken skal følgende punkter utredes:

- *Konkrete behov for tilrettelegging og tilpasninger i de ulike barnehagene i kommunen.*
- *Hva slags tilbud kan vi gi de minste barna i barnehagane.*
- *Økonomikonsekvensar"*

Votering:
5 røysta for utsetjingsforslag til H (Ian Parry Jones, Anne-Nora Oma Dahle, Inge Magnus Evja, Kristine Sandal, Jørgen Olav Nes), 12 røysta mot. AP, Krf. Knut Oddvar Nes, Marianne Bråten Odden.

Endringsforslag frå Ian Parry Jones:
"Ved begrunnet søknad og ledig kapasitet (i den aktuelle barnehage) kan det bli tilbudt plass ved fylte 10 mnd. Endringen i nedre aldersgrense skal ikkje forringe kvalitativt tilbod.

Votering:
5 røysta for framlegg til Ian Parry Jones (Ian Parry Jones, Anne-Nora Oma Dahle, Inge Magnus Evja, Kristine Sandal, Jørgen Olav Nes),, 12 røysta for rådmannen si tilråding AP, Krf. Knut Oddvar Nes, Marianne Bråten Odden."
.

Vedtak

Nissedal kommune vidarefører pkt. 5 i vedtektene som seier at barnet skal ha fylt eitt år før det tek til i barnehagen.

PS 52/17 Forskrift om rett til opphald i sjukeheim - Ny vurdering

Rådmannen si tilråding:

Forskrifta vert vedteke slik ho ligg føre.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 07.09.2017

H v/Kristine Sandal kom med endringsforslag slik:

"Ektepar eller samboere skal få mulighet til å bo sammen på institusjon selv om bare en har fått vedtak om langtidsopphold. Det forutsetter at den andre part også trenger helse- og omsorgstjenester, samt delvis oppfyller kriterier for tildeling av korttidsopphold. Det kreves egenandel for opphold etter gjeldende satser for korttidsopphold.

2. – 5. avsnitt i §4 strykes."

Anne-Nora Oma Dahle bad om gruppemøte.

Omforeina endringsforslag:
Redaksjonelt endre til at det står "ektefelle/sambuar" gjennom heile forskrifta.

Avsnitt 2 § 4 stryke" Dei må begge fylle kriteria for langtidsopphold i institusjonen."
Avsnitt 3 § 4 stryke. "Det kan etter søknad gjevast rett for ektefelle/sambuar ....."
Avsnitt 4: setning etter komma, endrast til: ",men må ut til anna/eigen bustad innan 3 mnd. etter ektefelle/sambuars bortfall."

Votering: omforeint endringsforslag samrøystes vedteke.

Vedtak

Forskrifta vert vedteke med endringar slik:
Redaksjonelt endre til at det står "ektefelle/sambuar" gjennom heile forskrifta.

Avsnitt 2 § 4 stryke" Dei må begge fylle kriteria for langtidsopphold i institusjonen."
Avsnitt 3 § 4 stryke. "Det kan etter søknad gjevast rett for ektefelle/sambuar ....."
Avsnitt 4: setning etter komma, endrast til: ",men må ut til anna/eigen bustad innan 3 mnd. etter ektefelle/sambuars bortfall."

PS 53/17 Kommunepsykologar i Vest-Telemark

Rådmannen si tilråding:

- Kommunane søkjer Helsedirektoratet om tilskot til psykologstilling frå 2018
- Tilsetjinga er eit samarbeid mellom Seljord, Kviteseid og Nissedal
- Rådmennene blir samde om kven som skal vere vertskommune for psykologen og fordeling av psykologressursen pr. kommune
- Det blir sett av kontor i kvar kommune til psykologen.
- Kostnader blir innarbeidd i budsjett og økonomiplan for 2018 – 2021.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 07.09.2017

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

- Kommunane søkjer Helsedirektoratet om tilskot til psykologstilling frå 2018

- Tilsetjinga er eit samarbeid mellom Seljord, Kviteseid og Nissedal
- Rådmennene blir samde om kven som skal vere vertskommune for psykologen og fordeling av psykologressursen pr. kommune
- Det blir sett av kontor i kvar kommune til psykologen.
- Kostnader blir innarbeidd i budsjett og økonomiplan for 2018 – 2021.

PS 54/17 Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark - Selskapsavtale ny handsaming

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommune godkjenner ny selskapsavtale for interkommunalt brannvernsamarbeid i Vest-Telemark IKS slik den ligg føre.

Nissedal kommune imøteser innføring av ei lokal forskrift for feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr.

Tillegg til §8, 2. avsnitt: nytt 2. punkt:
Det er høve til å velje fleire vara som rekkjefylgjevara etter varaordføraren.
Endring av §9, 3. avsnitt:
Endring av brannordninga for selskapet kan vedtakast ved konsensus.

Ny §23:
Endring av selskapsavtalen kan gjerast etter vedtak i dei seks kommunestyra.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 07.09.2017

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Nissedal kommune godkjenner ny selskapsavtale for interkommunalt brannvernsamarbeid i Vest-Telemark IKS slik den ligg føre.

Nissedal kommune imøteser innføring av ei lokal forskrift for feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr.

Tillegg til §8, 2. avsnitt: nytt 2. punkt:
Det er høve til å velje fleire vara som rekkjefylgjevara etter varaordføraren.
Endring av §9, 3. avsnitt:
Endring av brannordninga for selskapet kan vedtakast ved konsensus.

Ny §23:
Endring av selskapsavtalen kan gjerast etter vedtak i dei seks kommunestyra.

PS 55/17 Referat- og drøftingssaker

Rådmannen si tilråding:

Referat- og drøftingssaker vert teke til vitande.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 07.09.2017

Under pkt. B:

- Budsjettprosess haust 2017
- Tilsetjing einingsleiar teknisk
- Busetjing av flyktningar
- Planar for veg Kyrkjebygda – Tørdal

C: Toppturer – T-skjorter

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Referat- og drøftingssaker vert teke til vitande.